



Runa Isene, Svein Rimestad og Eva Megyesi er alle sentrale i førpåskekonserten.

Eva Megyesi har siste åra stått bak ei flott rekkje med gode kyrkjekonsertar i Kvinnherad. Berre sidan august i fjor har ho sett saman og delteke i 3 flotte konsertar som har fylt Uskedal kyrkje på mandagskveldar. Siste konsert var den fantastiske nyttårskonserten i januar, og no følgjer ho opp med førpåskekonserten, «Via Dolorosa», 3.april kl.19.



[Å høyra Eva Megyesi og Pawel Cabala spela firhendig på kyrkjeorgel er ei spesielt flott oppleving. \(Foto: K. O. Bringdal\)](#)

Også denne gongen presenterer Eva nokre av sine musikkvenner med kyrkjekoret Nordsang som ho dirigerer, som ein sentral aktør. Dei skal syngje 6 fine songar. To av koret sine songarar skal også ha solistinnslag. Bassen Svein Rimestad er dyktig både som songar og rimsmed. Han skal vera solist med koret i vakre Pie Jesu. Kor og solist vert her akkompagnert av Pawel Cabala på kyrkjeorgel. Dessutan skal Rimestad framføra ein song av Ricky Scaggs som han har omsett sjølv. Dette er ein folkeleg, kristeleg song som slektar til sjanrane country, bluegrass og white gospel. Her vert han akkompagnert av Eva Megyesi på piano samstundes som han sjølv spelar gitar.

Eit anna kormedlem, Runa Isene, er ein svært dyktig fiolinist. Ho har imponerande bakgrunn frå både Tyskland, Sverige og Cuba, men er no språklærer på Kvinnherad vidaregåande skule. Ho har vi høyrte før. Ho imponerte mellom anna på nyttårskonserten i januar, ein konsert dei heilt store superlativa vart brukt for å beskriva. Denne gongen skal ho spela 2 konsertstykke, «Meditation frå Thais» av Jules Massenet og «Melodie» av Gluck, saman med Eva Megyesi på piano.

Eit høgdepunkt i konserten vert det nok når Eva Megyesi skal spela «Pachelbel – Canon» firhendig på kyrkjeorgelet saman med ektemannen og organist i Odda, Pawel Cabala. Det vert første gong i Uskedal kyrkje,

men eg har høyrte det ein gong før og kan forsikra om ei flott oppleving. Pawel skal også akkompagnera Eva når ho er songsolist i «Via Dolorosa». «Via Dolorosa» er også tittelen på konserten. Eva Megyesi skal også framføra 3 orgelstykke, eit til opning, eit midt i programmet og eit til avslutning.

Eit flott konserttilbod i forkant av påsken. Kvinnheradspublikumet er heldige som får muligheter til å oppleve desse flotte konsertane. Eva Megyesi er ein musikal og songar av høg klasse. I tillegg til det er ho flink til å henta fram andre aktørar og setja det saman til gode konsertprogram. Eg gleder meg til konserten! Som vanleg på desse konsertane vert det ikkje inngangsbillett, men det vert høve til å gje ei gåve ved utgang etter konserten.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland



Kyrkjekoret Nordsang som starta opp i haust er i fin frammarsj. Her frå siste øving.